

02.11.2009

Bank vert vaskeri hos AFA



AFA marknadsførte seg skikkeleg med salsafeen i helga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

AFA har vore i vinden i samband med den vellukka salsafeen laurdag, men det er også andre grunnar til at verksemda fortener aktuell omtale. Særleg er det no vaskeriverksemda det handlar om.

Ombygginga av dei tidlegare banklokala til vaskeri er godt igang og målsettinga er å fullføra prosjektet til jul, fortel dagleg leiar Tor Vldar Sæle til uskedalen.no

Då vil alle vaskerimaskinane bli flytta ned frå loftet der det har vore heller trangbodd og Sæle lovar fine lokalitetar der nesten alt er skinande nyt.

Men førebels vil det ikkje bli kjøpt inn nye maskinar då dei vi har var nye for to år sidan.

På litt sikt kan det bli aktuelt å skaffa ein ny maskin, opplyser Sæle.

- Blir staben også auka i samband med at vaskeriet får meir fysisk armlag?

- Inntil vidare køyrer vi vidare meed den same bemanninga som før.

Heller ikkje satsar vi på meir offensiv marknadsføring i samband med at vi tar i bruk dei nye lokala.

Vi har våre faste, gode kundar som vi skal ta oss godt av også vidare. Hovudhensikten med det som skjer no er å skaffa oss meir areal, seier dagleg leiar.

AFA har auka staben frå 29 til 47 på vel to år!

Av Ola Matti Mathisen